



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Vestnes, 27. mai 2020

Til medlemmene i kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** 3/20  
**TID:** 3.6.2020 kl. 13:00  
**STED:** Kommunestyresalen/Microsoft Teams

### SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 18/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 4. MAI 2020
PS 19/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 20/20	PROSJEKTRKESKAP FOR TOMREFJORD IDRETTSBYGG
PS 21/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 22/20	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall må ein melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mob 91 37 11 12.

E-post: [jane.anita.aspen@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:jane.anita.aspen@kontrollutvalgromsdal.no) eller  
[postmottak@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:postmottak@kontrollutvalgromsdal.no)

Innkallinga går som melding til varamedlemmene som vert innkalla etter behov.

Inge Bergum (s)  
utvalsleiar

Jane Anita Aspen (s)  
daglig leder

**Kopi:**  
Ordfører  
Administrasjonssjef  
Møre og Romsdal Revisjon SA



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1535/03  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 22.5.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 18/20	Kontrollutvalet	3.6.2020

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 4. MAI 2020**

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 4. mai 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ....
2. ....

Protokollen vert signert elektronisk.

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte.

Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte, samstundes som det vert valt to til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	2/20
Møtedato:	4.5.2020
Tid:	Kl. 13.00 – kl. 16.15
Møtestad:	Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr:	10/20 – 18/20
Møteleiar:	Paul Hjelvik, nestleiar (Pp)
Møtande medlemmer:	Torfinn Marken (Sp) Marianne Frøland (H) Margrethe Anundsen (V)
Forfall:	Inge Bergum, leiar (Ap)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Geir Stokkeland (Ap)
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Hilde Myrvang, rekneskapsrevisor Lillian Reder Kristoffersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Geir Inge Lien, ordførar Kristian Skålhamn, administrasjonssjef Magne Værholm, økonomisjef

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Sakliste og innkalling vart godkjent.

Møtet vart avvikla som fjernmøte på Microsoft Teams, med heimel i midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19.

Administrasjonssjef Kristian Skålhamn gav utvalet ein kort presentasjon av seg sjølv, før behandling av sak 13/20.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 10/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19. FEBRUAR 2020
PS 11/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 12/20	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2019
PS 13/20	VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP OG ÅRSBERETNING 2019
PS 14/20	VESTNES KOMMUNE. FRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2020
PS 15/20	RISIKO- OG VESTENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SI VEKSEMD OG VERKSEMD I KOMMUNEN SINE SELSKAP
PS 16/20	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNE SITT EIGARSKAP
PS 17/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 18/20	EVENTUELT

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Protokollen frå møte 19. februar 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Paul Hjelvik
2. Torfinn Marken

**Kontrollutvalet si handsaming**

Det vart framsett forslag om at Paul Hjelvik og Torfinn Marken vert valt til å underskrive protokollen frå møte 19. februar 2020. Protokollen vert signert elektronisk.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

**Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 19. februar 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ....
2. ....

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Kontrollutvalet si handsaming****Referatsaker:**

- RS 05/20      **Årsrapport for 2019 Skatteoppkreveren i Vestnes kommune**, rapport datert 23.1.2020.
- RS 06/20      **Kontrollrapport 2019 vedkomande skatteoppkrevjareren for Vestnes kommune**, brev datert 17.2.2020 frå Skatteetaten.
- RS 07/20      **Saksutskrift – Kontrollutvalet i Vestnes – Oppnemning av varamedlem**, saksutskrift frå Vestnes kommunestyre 26.2.2020, sak 15/20.
- RS 08/20      **Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019**, (2 lovbrota) rapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 11.3.2020.  
Utvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sin plan for retting av lovbrota, samt fylkesmannen si vidare oppfølging/avslutning av tilsyn.
- RS 09/20      **Folkehelseprofil 2020 – Vestnes**, Folkehelseinstituttet.

Sekretær gjer utvalet merksam på at Vestnes kommune har låg vaksinasjonsdekning meslingar 9 år.

#### **Orienteringssaker:**

**Ingen**

#### **Kontrollutvalet si handsaming**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

#### **Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

<b>PS 12/20</b>	<b>REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2019</b>
-----------------	---

#### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2019 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

#### **Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarleg revisor Anne Oterhals presenterte rapport frå årsoppgjersrevisjonen. Lysarka var utsendt til utvalet på førehand.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

#### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2019 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

<b>PS 13/20</b>	<b>VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP OG ÅRSBERETNING 2019</b>
-----------------	---

#### **Kontrollutvalet si fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 4.5.2020, sak 13/20, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2019.

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrapport 2019, inkludert årsrekneskap og årsberetning for 2019, samt revisjonsmelding datert 17.4.2020. I tillegg har revisjonen, administrasjonssjef og økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskap for 2019 skal leggjast fram og vedtakast i samsvar med reglane i forskrift 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning. (gamal forskrift).

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde. Årsrekneskapen er avlagt innan fristen, som etter forskrifta er 15.2.

Årsberetninga er avlagt innan fristen 31.3. Kontrollutvalet vurderer at årsberetninga er avlagt i det alt vesentlege i samsvar med kommunelova sine krav til årsberetning, jf. §14-7.

Vestnes kommune sin rekneskap for 2019 viser kr 500 991 626.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 660 082.-. Negativt netto driftsresultat er kr 5 674 712.-. Det er avsett kr 0,-, til disposisjonsfond, mot budsjettert kr 1 616 000.-.

Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på -0,8 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,4 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %. Kommunen står føre fleire store investeringar. For å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Etter utvalet sin gjennomgang av rekneskap, årsberetning og revisor si melding, meiner kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning gjev eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Vestnes kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2019.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning for Vestnes kommune for 2019, slik dei er avlagt i Årsrapport 2019 – Vestnes kommune.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Administrasjonssjef Kristian Skålhavn og kommunalsjef for økonomi Magne Værholm, deltok under behandling av denne saka. Magne Værholm gav utvalet ein presentasjon av dei mest vesentlege nøkkeltala og årsaker til resultatet i 2019.

Det vart svart på spørsmål frå utvalet.

Oppdragsansvarleg revisor oppdaga at det mangla ordet «negativ» før netto driftsresultat, i sekretariatet sitt forslag til fråsegn.

Det vart set fram forslag om å korrigere avsnitt 6 slik:

*Vestnes kommune sin rekneskap for 2019 viser kr 500 991 626.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 660 082.-. Negativt netto driftsresultat er kr 5 674 712.-. Det er avsett kr 0,-, til disposisjonsfond, mot budsjettert kr 1 616 000.-.*

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i felles forslag til fråsegn (5 voterande)

### **Sekretariatet sitt forslag til fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 4.5.2020, sak 13/20, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2019.

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrapport 2019, inkludert årsrekneskap og årsberetning for 2019, samt revisjonsmelding datert 17.4.2020. I tillegg har revisjonen, administrasjonssjef og økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskap for 2019 skal leggjast fram og vedtakast i samsvar med reglane i forskrift 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning. (gamal forskrift).

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde. Årsrekneskapen er avlagt innan fristen, som etter forskrifta er 15.2.

Årsberetninga er avlagt innan fristen 31.3. Kontrollutvalet vurderer at årsberetninga er avlagt i det alt vesentlege i samsvar med kommunelova sine krav til årsberetning, jf. §14-7.

Vestnes kommune sin rekneskap for 2019 viser kr 500 991 626.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 660 082.-. Netto driftsresultat er kr 5 674 712.-. Det er avsett kr 0,-, til disposisjonsfond, mot budsjettet kr 1 616 000.-.

Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på -0,8 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,4 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %. Kommunen står føre fleire store investeringar. For å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Etter utvalet sin gjennomgang av rekneskap, årsberetning og revisor si melding, meiner kontrollutvalet at årsrekneskap og årsberetning gjev eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Vestnes kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2019.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning for Vestnes kommune for 2019, slik dei er avlagt i Årsrapport 2019 – Vestnes kommune.

<b>PS 14/20</b>	<b>VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2020</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

1. Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2020 til orientering.
2. Kontrollutvalet oppmodar framleis om at administrasjonssjefen ser til at finans- og gjeldsrapporten for framtida også gjev status for finansforvaltninga, ikkje berre gjeldsforvaltninga.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Administrasjonssjef Kristian Skålhavn og kommunalsjef for økonomi Magne Værholm, deltok under behandling av denne saka. Magne Værholm gav utvalet ein presentasjon av dei mest vesentlege nøkkeltala i driftsrapport pr. 1. kvartal 2020.

Værholm stadfestar at ein vil sjå nærare på rapporteringa frå finansforvaltninga.

Det vart svart på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

1. Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2020 til orientering.

2. Kontrollutvalet oppmodar framleis om at administrasjonssjefen ser til at finans- og gjeldsrapporten for framtida også gjev status for finansforvaltninga, ikkje berre gjeldsforvaltninga.

<b>PS 15/20</b>	<b>RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SI VERKSEMD OG VERKSEMD I KOMMUNEN SINE SELSKAP</b>
-----------------	--

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap til orientering.

Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurderinga vert lagt til grunn for sekretariatet sitt arbeid med å lage utkast til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023. Planen skal leggst fram for kontrollutvalet i første møte hausten 2020.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen presenterte risiko-områda som er funne under analysen som er gjort. Presentasjonen var sendt ut til utvalet på førehand.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap til orientering.

Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurderinga vert lagt til grunn for sekretariatet sitt arbeid med å lage utkast til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023. Planen skal leggst fram for kontrollutvalet i første møte hausten 2020.

<b>PS 16/20</b>	<b>RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING AV KOMMUNEN SITT EIGARSKAP</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap til orientering

Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurderinga vert lagt til grunn for sekretariatet sitt arbeid med å lage utkast til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2023, som skal leggst fram for kontrollutvalet i første møte hausten 2020.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen presenterte risiko-områda som er funne under analysa som er gjort. Presentasjonen var sendt ut til utvalet på førehand.



Sekretær stilte spørsmål om korleis risiko- og vesentlegvurderinga var gjennomført knytt til selskap som er viktige tenesteytarar til kommunen sine innbyggjarar, men der kommunen eig mindre delar av selskapet. Det kan i slike selskap vere fare for at eigarskapet «smuldrar bort». I motsetnad til selskap der kommunen eig 100 % og kommunestyret er generalforsamling.

Revisor opplyser at det er vektlagt at kommunen i selskap dei eig 100 % ber heile risikoen sjølv.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap til orientering

Kontrollutvalet ber om at risiko- og vesentlegvurderinga vert lagt til grunn for sekretariatet sitt arbeid med å lage utkast til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2023, som skal leggest fram for kontrollutvalet i første møte hausten 2020.

<b>PS 17/20</b>	<b>OPPFØLGINGSLISTE</b>
-----------------	-------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

#### **Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming**

Helsetilsynet har konkludert med følgjande lovbrøt:

Vestnes kommunen sikrar ikkje at alle personar som har ei utviklingshemming får forsvarlege helsetenester gjennom kartlegging av behov, utmåling av tenester i vedtak, tiltaksplan, tenesteutføring og evalueringa av tenesteutføringa.

Vestnes kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av legemiddelhandtering og at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i å gjennomføre førstehjelp.

**04.05.20:** Tilsynsrapporten vart framlagt i dagens møte, jf. RS 08/20. Utvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sin plan for retting av lovbrøta, samt fylkesmannen si vidare oppfølging/avslutning av tilsyn.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Utvalet ønskjer å føre opp følgjande sak på oppfølgingslista:

- **Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

<b>PS 18/20</b>	<b>EVENTUELT</b>
-----------------	------------------

### **Møte i kontrollutvalet i juni?**

Det vert avvikla eit **kontrollutvalsmøte onsdag 3.6.2020 kl. 1300.**

I dette møtet vert det lagt fram prosjektrekneskap for Tomrefjord Idrettsbygg, etter at revisjonen har gjennomført ei kontrollhandling av prosjektrekneskapen.

### **Årsmøte i Forum for Kontroll og tilsyn (FKT)**

FKT sin fagkonferanse 3. og 4. juni er avlyst.. Utvalsleiar Inge Bergum vert valt til å delta på FKT sitt digitale årsmøte 3. juni kl. 1630. Nestleiar Paul Hjelvik er vara.

Paul Hjelvik  
nestleiar

Torfinn Marken  
medlem

Marianne Frøland  
medlem

Margrethe Anundsen  
medlem

Geir Stokkeland  
varamedlem

Jane Anita Aspen  
sekretær



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1535/03  
Arkiv: 033 & 17  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 27.5.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 19/20	Kontrollutvalet	3.6.2020

**REFERAT OG ORIENTERINGAR**

**Sekretariatet si tilråding**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

**Bakgrunn for saka**

**Referatsaker:**

RS 10/20      **Saksutskrift – Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023**, Vestnes kommunestyre 29.4.2020, sak 28/20 (vedlagt).

**Orienteringssaker:**

**Ingen**

Jane Anita Aspen  
daglig leder



Vestnes  
kommune

KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/00614-12

Saksbehandlar  
Silje Beate Sylte  
+47 71184043

Dato  
05.05.2020

## Saksutskrift - Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023

Vestnes kommunestyre gjorde i sitt møte den 29.04.2020 slikt vedtak i sak 28/20:

*Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023 vert godkjent*

Heile handlinga av saka ligg vedlagt.

Med helsing

Silje Beate Sylte  
Konsulent arkiv

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:  
Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023  
Vedtak

---

**Postadresse**  
Brugata 10  
6390 Vestnes  
www.vestnes.kommune.no

**Telefon**  
71 18 40 00  
  
postmottak@vestnes.kommune.no

**Org.nr**  
939 901 965



midt i blinken



## Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 20/20	Kontrollutvalet	3.6.2020

### PROSJEKTRKESKAP FOR TOMREFJORD IDRETTSBYGG

#### Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet har i møte 3.6.2020 i sak 20/20 handsama sluttrapport/prosjektrekneskap for «**Prosjekt 130 - Tomrefjord idrettsbygg**».

Grunnlaget for handsaminga har vore Sluttrapport/prosjektrekneskap for prosjekt 130-Tomrefjord idrettsbygg, motteke 31.3.2020 og revisor sin uttale, datert 19.5.2020. Sluttrapport/prosjektrekneskap er datert til februar 2020 og signert av einingsleiar eigedomsdrift. Bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Årsaka til sein rekneskapsavlegging er gjennomførte tingingar med entreprenør kring sluttoppgjer, samt nokre reklamasjonar. For framtida bør ein vurdere avsetjingar i rekneskapen til hendingar nemnt i rapporten, slik at prosjektrekneskap kan leggest fram tidlegare enn i dette tilfellet.

Det går fram av prosjektrapporten at byggherre hos Vestnes kommune har vore einingsleiar eigedomsdrift, Mona Janne Johansen. Bygge- og prosjektleiing har vore utført av Norconsult AS, med bistand frå kommunen sjølv.

Prosjektet har eit meirforbruk i høve budsjettet på kr 9 816 000, som er 15 % avvik frå vedteke budsjett. Kommunestyret vedtok ei endeleg budsjettramme på kr 66 291 000 i sak 66/2017. Byggeprosjektet er avlagt med ei utgift på kr 76 107 000.

Prosjektet er finansiert gjennom Vestnes kommune sitt investeringsbudsjett ved bruk av lån, tilskot frå Enova, spelemiddeltilskot og mva.refusjon. Prosjektet må fullfinansierast med auka låneopptak på kr 8 042 000. Revisor rapporterer at kr 9 926 000 av inntektsførte spelemidlar på kr 14 618 000 er godkjent. Desse er enno ikkje utbetalt.

Undervegs i prosjektering og planlegging vart det klart at renoveringa ville koste meir enn det ein først hadde sett føre seg. Tidleg, etter prosjektering og etter at arbeidet med renoveringa var komen i gang, vart det klart at bygget var i langt dårlegare forfatning enn føreset. Det kan vere teikn på at bygget opprinneleg ikkje kan ha vore oppført etter gjeldande byggenorm. Dette medførte mykje endringsarbeid, ny prosjektering og meirarbeid innan byggeleiing. I alle driftsrapportar i 2018 vart det meldt om uføresette utfordringar og kostnadsoverskridingar. Dette vart det gjort greie for under handsaming av økonomiplan 2020-2023 i kommunestyresak 144/2019. Det er meirforbruk på nær alle postar i prosjektet.

Renoveringsarbeidet starta 02.10.2017 og planlagt ferdigstilling var 30.08.2018. Det vart gjeve ei fristforlenging på 42 dagar. Overtakinga skjedde 01.11.2018, og bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Kommunen summerer opp prosjektet som krevjande å gjennomføre både praktisk og økonomisk. Samstundes har kommunen no eit bygg som av kvalitet tilsvarar eit nytt bygg. Eit nytt bygg av tilsvarande areal og kvalitet ville anslagsvis ha kosta 150-180 mill. kr.

Revisjonen har den 19.05.2020 gjeve rapport og oppdraget er utført i samsvar med avtale med kontrollutvalet og i samsvar med ISRS 4400 – avtalte kontrollhandlingar. Kontrollhandlingane er ikkje revisjon, men er avtalt og utført for at kontrollutvalet skal ha grunnlag for å vurdere riktigheita av sluttrekneskapen. Det er utført 4 kontrollhandlingar utan at det er rapportert avvik.

På grunnlag av Sluttrapport/prosjektrekneskap og revisor sin uttale, vil kontrollutvalet rå til at Vestnes kommunestyre godkjenner rekneskapen for «prosjekt 130 – Tomrefjord idrettsbygg»

#### **Som vedlegg til saka følgjer:**

- Sluttrapport/prosjektrekneskap «Prosjekt 130 - Tomrefjord idrettsbygg».
- Revisjonsuttale – sluttrekneskap, datert 19.05.2020.

#### **Bakgrunn for saka**

I følge Vestnes kommune sitt økonomireglement, skal det i større investeringsprosjekt (10,0-15,0 mill.kr), som går over fleire år, utarbeidast eige prosjektrekneskap når tiltaket er ferdig/avslutta.

Prosjektrekneskap skal leggest fram som eiga sak og ha same politiske behandling som årsrekneskap, også behandling i kontrollutvalet.

Det betyr at kontrollutvalet skal kome med ein uttale til rekneskapen, som skal følgje med til den vidare handsaminga av rekneskapen i formannskap og kommunestyre.

I kontrollutvalet sin avtale med revisjonen går det fram at revisor skal avlegge attestasjonar for byggerekneskap som skal handsamast som eigne saker i kommunestyret.

#### **VURDERING**

Sluttrapport/prosjektrekneskap for «Prosjekt 130 - Tomrefjord idrettsbygg» er no lagt fram. Grunngevinga for at det har teke tid å få avslutta og avlagt prosjektrekneskap, er forklart i sluttrapporten. For framtida bør ein vurdere avsetjingar i rekneskapen til hendingar nemnt i rapporten, slik at prosjektrekneskap kan leggest fram tidlegare enn i dette tilfellet.

Renovering av Tomrefjord idrettsbygg vart først vedteken av kommunestyret i samband med investeringsbudsjetta for 2014 og 2016 med kr 3 250 000 til prosjektering og planlegging. Undervegs i prosjektering og planlegging vart det klart at renoveringa ville kosta ein del meir enn det kommunen først såg føre seg. Planane for renoveringa vart lagt fram og vedteke i kommunestyresak 138/2016. Total prosjektkostnad var her anslått til om lag kr 53 mill. kr. Endeleg kostnadsoverslag skulle vedtakast etter at anbudsrunde var gjennomført.

Etter at anbudsrunde var gjennomført, vedtok kommunestyret i sak 66/2017 endeleg kostnadsoverslag og finansiering. Kostnadsoverslaget for renoveringa var då 66 291 000 mill. kr.

Det vart tidleg etter at arbeidet kom i gang, klart at bygget var i langt dårlegare forfatning enn føresett, og etter prosjektering. Dette medførte mykje endringsarbeid, ny prosjektering og meirarbeid innan byggeleiing. I alle driftsrapportar i 2018 vart det meldt om uforesette utfordringar i prosjektet og kostnadsoverskridingar.

I sak kring økonomiplan 2020 - 2023 og årsbudsjett 2020 i kommunestyresak 144/2019 vert det orientert om overskridingar knytt til Tomrefjord Idrettsbygg. Det vert antyda eit lånebehov på kr 8 millionar for inndekning av overskridingane.

Prosjektet har eit meirforbruk i høve budsjettet på kr 9 816 000, som er 15 % avvik frå vedteke budsjett. Kommunestyret vedtok ei endeleg budsjetttramme på kr 66 291 000 i sak 66/2017. Byggeprosjektet er avlagt med ei utgift på kr 76 107 000.

Prosjektet er finansiert gjennom Vestnes kommune sitt investeringsbudsjett ved bruk av lån, tilskot frå Enova, spelemiddeltilskot og mva.refusjon. Prosjektet må fullfinansierast med auka låneopptak på kr 8 042 000. Revisor rapporterer at kr 9 926 000 av inntektsførte spelemidlar på kr 14 618 000 er godkjent. Desse er enno ikkje utbetalt.

Tidleg, etter prosjektering og etter at arbeidet med renoveringa var komen i gang, vart det klart at bygget var i langt dårlegare forfatning enn føresett. Det kan vere teikn på at bygget opphavleg ikkje kan ha vore oppført etter gjeldande byggenorm. Dette medførte mykje endringsarbeid, ny prosjektering og meirarbeid innan byggeleiing. I alle driftsrapportar i 2018 vart det meldt om uforesette utfordringar og kostnadsoverskridingar. Dette vart det gjort greie for under handsaming av økonomiplan 2020-2023 i kommunestyresak 144/2019. Det er meirforbruk på nær alle postar i prosjektet.

Renoveringsarbeidet starta 02.10.2017 og planlagt ferdigstilling var 30.08.2018. Det vart gjeve ei fristforlenging på 42 dagar. Overtakinga skjedde 01.11.2018, og bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Kommunen summerer opp prosjektet som krevjande å gjennomføre både praktisk og økonomisk. Samstundes har kommunen no eit bygg som av kvalitet tilsvarar eit nytt bygg. Eit nytt bygg av tilsvarande areal og kvalitet ville anslagsvis ha kosta 150-180 mill. kr.

Revisjonen har den 19.05.2020 gjeve rapport og oppdraget er utført i samsvar med avtale med kontrollutvalet og i samsvar med ISRS 4400 – avtalte kontrollhandlingar. Kontrollhandlingane er ikkje revisjon, men er avtalt og utført for at kontrollutvalet skal ha grunnlag for å vurdere riktigheita av sluttrekneskapen. Det er utført 4 kontrollhandlingar utan at det er rapportert avvik.

På grunnlag av Sluttrapport/prosjektrekneskap og revisor sin uttale, vil kontrollutvalet rå til at Vestnes kommunestyre godkjenner rekneskapen for «prosjekt 130 – Tomrefjord idrettsbygg»

Sveinung Talberg  
rådgjevar



Vestnes  
kommune



midt i blinken



# Sluttrapport/Prosjektrekneskap

*PROSJEKT 130 TOMREFJORD IDRETTSBYGG*



## Innhold

1. INNLEIING.....	2
FORMÅL.....	2
VEDTAK.....	2
2. OFFENTLEG ANSKAFFING .....	3
3. GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET .....	3
4. ØKONOMI / PROSJEKTRKESKAP .....	5
5. AVSLUTTANDE MERKNADER .....	6

# 1. INNLEIING

## FORMÅL

Formålet med prosjektet har vore å renovere Tomrefjord Idrettsbygg, inkludert svømmehallen. Bygget har no etter renovering ein tilstand som tilsvara eit heilt nytt bygg.

Bygget vart gjenopna den 24. november 2018. Etter dette har det teke ein del tid å få slutført rekneskapen. Dette mellom anna fordi det har vore forhandlingar med entreprenør kring sluttoppgjer, samt nokre reklamasjonar. Desse forholda ønska vi avklart ført rekneskapen vart avlagt.

## VEDTAK

I investeringsbudsjetta for åra 2014 – 2016 vart det til saman vedteke kr 3 250 000,-<sup>1</sup> til prosjektering og planlegging av renoveringa.

Undervegs i prosjektering/planlegging vart det klart at renoveringa ville koste ein del meir enn det kommunen først såg føre seg. Planane for renoveringa vart lagt fram og vedteke (KST-138/2016) den 15. desember 2016. Total prosjektkostnad var her anslått til om lag kr 53 millionar kr. Endeleg kostnadsoverslag skulle vedtakast etter at anbudsrunde var gjennomført (sjå nedanfor).

I eigen sak, KST-18/2017, vedtok kommunestyret endringar i prosjektet etter ynskje og dialog med aktivitetsstyret for idrettshallen. Endringane var estimert å auke utgiftene i prosjektet med om lag 2,1 millionar kroner.

Etter at anbudsrunde var gjennomført vedtok Kommunestyret den 21. september 2017 (KST-66/2017) endeleg kostnadsoverslag og finansiering. Kostnadsoverslaget for renoveringa var då 66,291 millionar kroner.

Det vart tidleg, etter at arbeidet kom i gang, klart at bygget var i langt dårlegare forfatning enn føresett, og etter prosjektering. Dette medførte mykje endringsarbeid, ny prosjektering og meirarbeid innan byggeleing. I alle driftsrapportar i 2018<sup>2</sup> vart det meldt om uføresette utfordringar i prosjektet og kostnadsoverskriddingar.

I sak kring økonomiplan 2020 - 2023 og årsbudsjett 2020 (KST-144/2019) vert det under tema «Investeringsbudsjett», og herunder punkt om finansiering, orientert om overskriddingar knytt til Tomrefjord Idrettsbygg og det vert antyda eit lånebehov på kr 8 millionar for inndecking av dette.

---

<sup>1</sup> KST-83/2013, KST-96/2014, KST-111/2015

<sup>2</sup> KST-26/2018, KST-50/2018, KST-86/2018

## 2. OFFENTLEG ANSKAFFING

I investeringsbudsjetta for åra 2014 – 2016 vart det sett av midlar til prosjektering av renovering av Tomrefjord Idrettsbygg. Ut frå det vi då visste, rekna vi med at opprustinga ville koste om lag kr 9 000 000. Over tid var det utarbeidd fleire tilstandsanalysar (med varierende kvalitet) for bygget. I 2016 kom vi til at sjølv prosjekteringoppdraget for renoveringa av Tomrefjord idrettsbygg måtte gjerast av eksterne. Vestnes kommune gjennomført anbodskonkurranse i tråd med regelverket for offentleg anskaffingar for tenester knytt til prosjektering og byggeleing. Norconsult AS fekk dette oppdraget.

I samarbeid med kommunen, prosjekterte Norconsult AS med sine rådgjevarar renoveringa av Tomrefjord idrettsbygg. Arbeidet resulterte i ein rapport med ein førebels oversikt over kostnadane. Seinare blei det vedtatt å bygge eit tilbygg til idrettsbygget.

Kontraktsforma for dette prosjektet er utføringsentreprise. Det er ein hovudentreprenør og tre sideentreprenørar. Byggherren, det vil seie kommunen, samordnar kontraktane sjølv.

Norconsult gjennomført anskaffingane for desse entreprisane på våre vegne og i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar. Det kom eitt tilbod på bygningsmessig hovudentreprise. Slik som marknadssituasjonen var då, og at vi kjente til at delar av idrettsbygget nærast var «brukt opp», meinte kommunen det ikkje var grunnlag for å avlyse konkurransen. Hovudentreprenør var Veidekke AS. Kamo AS fekk kontrakt for ventilasjonsarbeid, System-Elektro AS kontrakt for elektrotekniske, og Bravida Norge AS kontrakt for røyrlarbeid.

Etter at prisane frå dei ulike entreprenørane var kjent, blei ei total kostnads kalkyle satt opp. Denne vart godkjent hausten 2017 av kommunestyret, jf det ovanneemde. I tillegg til dette har kommunen sjølv gjennomført anskaffing av diverse inventar.

Renoveringa starta 02.10.2017. Planlagt ferdigstilling var 30.08.2019. Det blei gitt fristforlenging med 42 dagar. Sjølv overtakinga var 01.11.2018. Gjenopning av bygget var 24.11.2018. Med unnatak av fristforlenginga avslutningsvis har altså prosjektet i gjennomføringsfasen hatt ei framdrift som har vore om lag i tråd med føresetnadene, og som har vore rimeleg sett i forhold til prosjektet sitt omfang og etterkvar kompleksitet.

## 3. GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET

Det var tatt mange prøver av ulike delar av bygget, i samband med planlegging og prosjektering av renoveringa. Likevel, undervegs i renoveringa, blei det oppdaga fleire uventa forhold ved bygget. Det viste seg at bygget var i dårlegare tilstand enn det vi hadde klart å avdekke. Døme er veggkonstruksjonar som ikkje var som venta, veggjar som var i dårlegare stand enn venta, meir omfattande betongrehabilitering, grunnarbeid m.m. Alt i alt er dette teikn som tydar på at bygget opprinneleg ikkje kan ha vore oppført etter gjeldande byggenorm. Alt dette har ført til ein god del endringslister og endringsvarsel frå alle entreprenørane. Konsekvensen var betydelege meirkostnadar ved renoveringa, og dei økonomiske konsekvensane blir gjennomgått i detalj nedanfor.

### **Gjennomgang av konsekvensar innan dei ulike entreprisar:**

#### ***Bygningsmessig hovudentreprise:***

Årsak til overskridingar innanfor hovudentreprisen er hovudsakleg tilstanden på bygget, og nokre manglande postar og prosjektering. Døme er uventa veggkonstruksjonar, stor mengde

spesialavfall, mengderegulering av masse, meir omfattande betonghabilitering, auka omfang av lås og beslag, samt regulering av rigg og drift.

#### ***Luftbehandling/ventilasjon:***

Nokre veker inn i prosjektet gjekk utførande, Kamo AS, konkurs. Ny utførande blei GK Inneklima AS, og entreprisekostnadane auka som følgje av dette. Konkursen førte og til kostnadar til advokatbistand, timar til konsulent og prosjektleiar. I totalsummen er det tatt med kostnader i samband med konkurs og bytte av leverandør. Elles gjeld overskridinga i all hovudsak større forbruk av materiell, og nokre tillegg som ikkje var tatt med i beskrivinga.

#### ***Elektroteknisk arbeider:***

Årsaka til overskridingar skuldast i all hovudsak at tilstanden på bygget var dårlegare enn det vi først trudde, og det var viktig å få oppgradert det elektriske anlegget til ein akseptabel standard. Det var nødvendig å få på plass eit velfungerande SD-anlegg slik at vi kan følgje med til dømes straumforbruk. På grunn av ein del usikre element, blei ikkje dette godt nok prosjektert tidleg i prosjektet. Omfanget av adgangskontroll blei og noko meir omfattande enn først prosjektert.

#### ***Røyrarbeider:***

Meirforbruket innan røyrarbeid skuldast i all hovudsak nokre endra materialval (til ein betre kvalitet), og meir tilpassa utføring av arbeidet.

#### ***Anna utstyr. Inventar mv:***

Det blei budsjettert med diverse utstyr, i alt kr 940 000. Posten skulle dekkje laust inventar, sportsutstyr, skiljevegg i idrettshall, foldevegg i sosialt rom, dusjbrakka og diverse anna utstyr. Totalt kom dette utstyret på kr 852 000, ein reduksjon på 9,4%.

Innsparinga skuldast i all hovudsak at skiljevegg i idrettshall og foldevegg i sosialt rom blei tatt med i kontrakten med Veidekke. Desse postane blei redusert ved at sjølve skiljevæggen ikkje er anskaffa, men bæring er på plass. (Frå før av hadde ikkje hallen skiljevegg.) Og, ved å redusere litt på lydkrav og utføring på foldevegg til sosialt rom, blei dette litt billegare enn først rekna med.

#### ***Prosjekteringskostnader:***

Då saka blei behandla politisk, rekna ein med at prosjekteringskostnadane skulle bli totalt kr 8 333 000. Dette blei langt høgare enn først rekna med.

Prosjekteringskostnader til Norconsult AS vart budsjettert med kr 7 800 000, men dei vart på over kr 10 500 000. Desse kostnadane tek med all prosjektering, uavhengig kontroll og distribusjon av teikningar. Det er fleire årsaker til overskridinga. I og med at tilstanden på bygget var så dårleg, blei det fleire endringar utover det vi kunne vente oss. Dette har generert auka kostnad til prosjektering og oppfølging frå byggeleiar. Byggherren har valt ei entreprisform der vi sjølv skal samordne alle kontraktane. Dette har blitt meir krevjande med alle dei uventa forholda med bygget.

Vestnes kommune hadde budsjettert med eigne prosjekteringskostnadar og administrasjon, i alt kr 530 000. Ein tilsett har følgd prosjektet tett, noko som har vist seg nødvendig. I heile perioden (2016-2018) utgjør dette kr 1 274 000, ei auke på over 140 %.

At bygget var i så dårleg stand, har ført til eit monaleg meirarbeid for kommunen. Det var viktig for kommunen å vere tett på slik at ein fekk god kjennskap til dei manglane som vart oppdaga og korleis desse blei handtert undervegs. I tillegg må det seiast at nokre postar var uteglømt, så som eigen innsats i samband med å tømme bygget og å ta det i bruk, gebyr, forsikring m.m.

#### 4. ØKONOMI / PROSJEKTRKESKAP

Som nemnd ovanfor vart prosjektet vedteke i 2017 med eit kostnadsoverslag på **66,291** millionar kroner. Rekneskapen er no gjort opp med totale investeringsutgifter på **76,1<sup>3</sup>** millionar kroner:

TOMREFJORD IDRETTSBYGG		Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Regnskap	Samla alle år
		2014	2015	2016	2017	2018	2019	
3116	Kommunal servering	0	0	0	0	5 000	0	5 000
3123	Utgiftsdekn. egne tilsette-ikkje oppgåvepl.	0	0	0	0	3 000	0	3 000
3128	Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	0	0	0	17 000	0	0	17 000
3140	Annonsering, info	0	0	0	0	0	2 000	2 000
3150	Kurs og opplæring, eksternt	0	0	0	8 000	0	0	8 000
3160	Bilgodtgjersle	0	0	0	1 000	5 000	3 000	9 000
3171	Reiseutgifter tilsette(ikke oppgåvepl.)	0	0	0	8 000	0	0	8 000
3185	Ansvarsforsikring dr.midl./personar	0	0	0	59 000	0	0	59 000
3200	Inventar og utstyr	0	0	0	0	358 000	0	358 000
3233	Tenestekjøp m/matr. nybygg/nyanl.	218 000	55 000	801 000	5 523 000	46 550 000	5 591 000	58 738 000
3236	Fordelt løn/andre utg. egne tilsette nybygg/nyanl.	0	0	220 000	310 000	477 000	227 000	1 234 000
3270	Juridisk bistand/rettssaker	0	0	33 000	0	0	0	33 000
3271	Konsulentten. byggeleing/prosjektering	0	0	23 000	8 000	0	271 000	302 000
3429	MVA-kompensasjon på innkjøp investering	54 000	14 000	214 000	1 363 000	11 714 000	1 430 000	14 789 000
3500	Rente på lån	3 000	0	9 000	59 000	562 000	-90 000	543 000
	<b>Sum utgifter</b>	<b>276 000</b>	<b>69 000</b>	<b>1 300 000</b>	<b>7 355 000</b>	<b>59 674 000</b>	<b>7 433 000</b>	<b>76 107 000</b>
3728	MVA-kompensasjon på innkjøp investering	-54 000	-14 000	-214 000	-1 363 000	-11 714 000	-1 430 000	-14 789 000
3779	Andre refusjonar frå private	0	0	0	0	0	-495 000	-495 000
3830	Overf. frå fylkeskommunar	0	0	0	0	0	-14 618 000	-14 618 000
3910	Bruk av lån	-221 000	0	0	0	0	0	-221 000
3980	Udekkja i investeringsrekneskapen	0	-55 000	0	0	0	0	-55 000
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-275 000</b>	<b>-69 000</b>	<b>-214 000</b>	<b>-1 363 000</b>	<b>-11 714 000</b>	<b>-16 543 000</b>	<b>-30 178 000</b>
	<b>TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 086 000</b>	<b>5 993 000</b>	<b>47 960 000</b>	<b>-9 110 000</b>	<b>45 929 000</b>

**Samla ser vi at total prosjektkostnad er om lag 9,8 millionar kroner, eller 15%, høgre enn i kostnadsoverslaget, men minner då om det som er sagt i fotnote vedkomande prisveksten i perioden.**

Som beskreve ovanfor er det meirforbruk på nær alle postar og områder knytt til prosjektet. Den bygningsmessige entreprisen utgjer den største delen av prosjektet og har det største avviket i kroner. Auken i utgifter i prosent er størst innan prosjekteringskostnadane og byggeleing. Her inngår både interne og eksterne ressursar og utgifter.

<sup>3</sup> Gjer merksam på at budsjettet var vedteke i 2017- kroner medan rekneskapen er avlagt i 2019-kroner. Om vi tek omsyn til prisveksten, og legg KPI til grunn, vil budsjettet på 66,291 mill kr utgjere om lag 69,7 mill kr i 2019- kroner. Bruk av eigen byggeprisindeks ville moglegvis gjeve enda større prisstigning i perioden.

Som tidlegare omtalt var det ein reduksjon i utgiftene til innkjøp av inventar og utstyr. Som følgje av større utgifter vart og utgiftene til mva større enn føresett, medan byggjelånsrenta, som følgje av låge renter i heile perioden, er noko mindre enn føresett.

### Finansiering:

I kostnadsoverslaget var det lagt opp til følgjande finansiering av prosjektet:

Finansiering:	Sum:
Låneopptak	38 163 000
Tilskot Enova	500 000
Spelemiddeltilskot	14 500 000
Momsrefusjon	13 128 000
<b>Sum:</b>	<b>66 291 000</b>

Basert på dei reelle utgiftene og inntektene vert finansieringa som følgjer:

Finansiering	Kostnadsoverslag	Reell finansiering
Låneopptak	38 163 000	46 205 000
Tilskot Enova	500 000	495 000
Spelemiddeltilskot	14 500 000	14 618 000
Momsrefusjon	13 128 000	14 789 000
<b>Sum</b>	<b>66 291 000</b>	<b>76 107 000</b>

Som vi ser er tilskot frå Enova, knytt til mellom anna energieffektivisering, om lag som forventa. Tilsegn om spelemiddeltilskot er noko høgre enn venta. Tilskotet vert utbetalt over 3 år med første utbetaling i 2019. Som følgje av dei auka utgiftene vert mva- kompensasjonen om lag 1,66 millionar kroner høgre enn føresett.

**For å fullfinansiere prosjektet må kommunen låne ytterlegare 8 042 000,- kroner.**

## 5. AVSLUTTANDE MERKNADER

Som det går fram av utgreiinga framom har dette prosjektet vore krevjande for kommunen å gjennomføre, både praktisk og økonomisk. Samstundes står vi no att med eit bygg med kvalitetar tilsvarande eit nybygg. Eit nybygg med tilsvarande areal og kvalitetar, som til dømes svømmehall, er tidlegare estimert å ville ha kosta kommunen 150 – 180 millionar kr.

Kommunen har trekt lærdommar av prosjektet som vi tek med oss over i andre prosjekt. Dette handlar mellom anna om val av entrepriseform og at avsetningar til reservemargin bør vere større i renoveringsprosjekt med høg usikkerheit.

**Vestnes, februar 2020**



**Mona Janne Johansen**

**Einingsleiar/Byggherre**

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Vestnes kommune

## Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende sluttregnskap for investeringsprosjekt Prosjekt 130 Tomrefjord idrettsbygg

Vi har gjennomført de handlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor vedrørende sluttregnskap for Prosjekt 130 Tomrefjord idrettsbygg avsluttet per februar 2020. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 - Avtalte kontrollhandlinger.

Sluttregnskapet viser samlede investeringsutgifter på kr 76 107 000 og investeringsinntekter på kr 30 178 000.

Kontrollhandlingene er utført for å kunne bistå dere i vurderingen av riktigheten av sluttregnskapet og de oppsummeres som følger:

Kontrollhandling	Rapportering av funn
at det er gjennomført konkurranse i tråd med Lov om offentlige anskaffelser	Mht pkt 1 har vi funnet at det er gjennomført konkurranse i tråd med offentlige anskaffelser
at beskrivelsen av byggeprosjektets fremdrift samsvarer med vedtak og budsjettforutsetninger	Mht pkt 2 har vi funnet at beskrivelsen av byggeprosjektets framdrift samsvarer med vedtak og budsjettforutsetninger
at fremlagt prosjektregnskap stemmer med kommunens regnskap for prosjektet	Mht pkt 3 har vi funnet at fremlagt prosjektregnskap stemmer med kommunens regnskap for prosjektet
at utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedgår det aktuelle prosjektet	Mht pkt 4 har vi funnet at utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedgår det aktuelle prosjektet. Kr 9 926 000 av inntektsførte spillemidler er godkjent søknadsbeløp som enda ikke er tildelt.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller forenklet revisorkontroll i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller forenklet revisorkontroll i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår rapport er utelukkende utarbeidet for det formål som er beskrevet ovenfor og til deres informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål. Rapporten er beregnet på kommunestyret.

Midsund, 19.05.2020



Anne Oterhals  
oppdragsansvarlig revisor





**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1535/03  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 25.5.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 21/20	Kontrollutvalet	3.6.2020

**OPPFØLGINGSLISTE**

**Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Bakgrunn for saka**

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 4.5.2020.

I dette møtet er dette møtet ikkje lagt opp til orienteringar frå administrasjonen knyt til oppfølgingslista.

**VURDERING**

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møte eller i eit seinare møte, kan disse bli fremma i møte for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I  
VESTNES KOMMUNE**

**SAKSOPPFØLGING**

(å jour pr. 04.05.20)

Merknad:	Status:
<p>13.03.13 <b>Internkontroll i Vestnes kommune</b> Ansvar: Adm./sekr</p> <p>Kontrollutvalet ønsker orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar.</p>	<p><b>13.03.13:</b> Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet.  <b>29.05.13:</b> Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013.  <b>19.09.13:</b> Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte.  <b>10.12.13:</b> Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønsker å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år.  <b>03.12.14:</b> Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønsker stausrapport om eit halvår.  <b>28.04.15:</b> Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet.  <b>17.09.15:</b> Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønsker ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen.  <b>16.11.16:</b> Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma»  <b>14.02.17:</b> Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønsker ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17.  <b>22.11.17:</b>Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønsker ei ny orientering før sommaren 2018.  <b>11.04.18:</b> Kontrollutvalet ønsker at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18.  <b>24.09.18:</b> Frank Skorgenes orienterte i dagens møte jf. OS 05/18. Utvalet ønsker ein ny statusrapport om 1 år.  <b>02.09.19:</b> Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval.  <b>04.11.19:</b> Kontrollutvalet ønsker i første møte 2020 ein statusrapport for arbeidet og ein presentasjon av systemet.  <b>19.02.20:</b> Administrasjonssjef Tone Roaldsnes, og systemansvarleg for Risk manager Frank Skorgenes orientert, og presenterte systemet for utalet jf. OS 01/20. <b>På bakgrunn av orienteringa avsluttar utvalet oppfølging av saka.</b></p>
<p>26.05.16 <b>Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma</b> Ansvar: Adm./sekr</p> <p>Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i</p>	<p><b>16.11.16:</b> Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn.  <b>14.02.17:</b> Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad,</p>

<p>tilsyn som fylkesmannen gjennomførte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.</p>	<p>orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet.</p> <p><b>02.05.17:</b> Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet.</p> <p><b>12.06.17:</b> Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011.</p> <p><b>02.10.17:</b> Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn.</p> <p><b>06.12.18:</b> Sekretær opplyste at fylkesmannen har lagt inn i sine planar nytt tilsyn på tvang og makt, samt legemiddelhandtering for utviklingshemma våren 2019.</p> <p><b>07.05.19:</b> Sekretær viste til at det i Driftsrapport pr. 1. kvartal, framgår at kommunen har fått utsett dette tilsynet til hausten 2019.</p>
<p>20.02.18  <b>Innkjøp og offentlege anskaffingar</b></p> <p>Ansv: adm./sekr.</p>	
<p>Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre består av kommunane Ålesund, Vestnes, Sykkylven, Sula, Stranda, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.</p>	<p><b>20.02.18:</b> Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra.</p> <p><b>11.04.18.</b> Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019.</p> <p><b>12.02.19:</b> Utvalsleiar opplyste at formannskapet i møte 11.02.19 handsama sak om Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Saka vert behandla i neste kommunestyremøte.</p> <p><b>26.06.19:</b> Utvalet ønskjer ei oppdatering om status på innkjøpsområdet i møte 2.9.2019.</p> <p><b>02.09.19:</b> Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval.</p> <p><b>04.11.19:</b> Kontrollutvalet ønskjer i første møte 2020 ein statusrapport for arbeidet.</p> <p><b>19.02.20:</b> Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og Einingsleiar for eigedomsdrift, Mona Janne Johansen, gav utvalet status for organisering av innkjøpssamarbeidet, status for rammeavtalar og status for korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverk vert følgt, jf. OS 02/20.</p>
<p>12.02.19  <b>Nytt personvernregelverk</b></p> <p>Ansv.: adm./sekr</p>	
<p>I 2018 fekk Norge ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er eit sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at ein behandlar personopplysningar lovleg, sikkert</p>	<p><b>07.05.19:</b> Utvalet ønskjer i møte 17.06.19 å få ei orientering om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personopplysningsreglane.</p> <p><b>26.06.19:</b> Hilde Rekdal, personlrådgevar og tryggleiksansvarleg for personvern, informerte utvalet i dagens møte jf. OS 01/19.</p>

<p>og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å følgje med på korleis kommunen har innretta seg etter personvernopplysningsreglane, då brot på reglane kan få store konsekvensar for dei det gjeld og føre til store bøter for kommunane.</p>	
<p>19.02.20  <b>Psykisk helse for barn og unge i Vestnes</b>  Ansv.: adm./sekr</p>	
<p>Kontrollutvalet behandla i førre periode forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetjenester». Fleire av tilrådingane vart svara ut gjennom at kommunen har oppretta «Psykisk helseteam for barn og unge». Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne eigne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa. Avtroppande kontrollutval rådde til at det nye kontrollutvalet å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».</p>	
<p>19.02.20  <b>Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten Vestnes kommune»</b>  Ansv.: adm./sekr</p>	
<p>Kontrollutvalet behandla i førre periode forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetjenester». Fleire av tilrådingane vart svara ut gjennom at kommunen har oppretta «Psykisk helseteam for barn og unge». Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne eigne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa. Avtroppande kontrollutval rådde til at det nye kontrollutvalet å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk</p>	<p><b>19.02.20:</b> Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar Elisabeth Sylte presenterte planen for oppfølging av tilrådingane., jf. sak 03/20. Utvalet ønskjer til siste møte i 2020, ein ny statusrapport for oppfølging av tilrådingane, med særleg vekt på korleis kommunen sikrar betre kommunikasjon i heimetenestene.</p>

<p>helseteam for barn og unge i Vestnes». Kontrollutvalet behandla rapporten i møte 26.06.19 sak 21/19 og sendte straks over til endeleg vedtak i kommunestyret. KST behandla ikkje saka før i møte 30.01.20 sak 8/20. Det vart fatta følgjande vedtak:</p> <p>1) Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune» tilvitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestnes Kommune skal sikre at hjemmetjenesten har nødvendig informasjon om brukere og at denne oppdateres fortløpende.</li> <li>• Kommunen skal sikre bedre kommunikasjon innad i hjemmetjenesten.</li> <li>• Kommunen skal sikre at tenesteyterne registrerer alle tilleggstenester som blir gitt hjemme hos brukar.</li> </ul> <p>2) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>3) Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere om heimetenesta er tenleg organisert, m.a. vurdere korleis nærleiken for tenesteytarane til leiar kan bli betre.</p> <p>4) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte i februar 2020.</p>	
<p>19.02.20  <b>Vassforsyning og avløp i Vestnes kommune.</b>  Ansv.: adm./sekr</p>	
<p>På Vestnes kommune si heimeside så kjem det fram at Vestnes kommune har avtale med dei private andelsvassverka om å oppfylle kommunen sine lovpålagte krav om vassforsyning. Dei private vassverka er; Tresfjord vassverk SA, Vestnes vassverk, Tomrefjord vassverk, Fiksdal vassverk og Rekdal vassverk. Det er interessant for kontrollutvalet å halde seg orientert om korleis Vestnes kommune sikrar vassforsyninga i kommunen. Det</p>	

<p>kjem fram i kommunen si årsmelding 2018 at Tekniske tenester har ansvar for drift og vedlikehald av avløpsnett og avløpsreinsing.</p>	
<p>04.05.20  <b>Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019</b>  Ansv.: adm./fylkesmannen/sekr</p>	
<p>Helsetilsynet har konkludert med følgjande lovbrot:  Vestnes kommunen sikrar ikkje at alle personar som har ei utviklingshemming får forsvarlege helsetenester gjennom kartlegging av behov, utmåling av tenester i vedtak, tiltaksplan, tenesteutføring og evalueringa av tenesteutføringa.  Vestnes kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av legemiddelhandtering og at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i å gjennomføre førstehjelp.</p>	<p><b>04.05.20:</b> Tilsynsrapporten vart framlagt i dagens møte, jf. RS 08/20. Utvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sin plan for retting av lovbrot, samt fylkesmannen si vidare oppfølging/avslutning av tilsyn.</p>



**VESTNES KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2020-1535/03  
Arkiv: 033  
Saksbehandla: Jane Anita Aspen  
Dato: 27.5.2020

**Saksframlegg**

<b>Utvalgssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 22/20	Kontrollutvalet	3.6.2020

**EVENTUELT**

**Arbeidsplan 2020 – Kontrollutvalet i Vestnes**  
Det vert høve til å oppdatere tiltaksplanen i møte.

Jane Anita Aspen  
daglig leder

---

# ARBEIDSPLAN 2020

## KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE



**Oppdatert 19.02.20**

---

---



## Tilsyn med forvaltningen

Møte	Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltninga
Løpande rapportering	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalsmedlemmene skal ha tilgang til dokument frå alle politiske utval.</li> <li>Inge Bergum, Paul Hjelvik og Torfinn Marken er kommunestyret sine representantar i kontrollutvalet.</li> <li>Utvalsleiar har eit særskilt ansvar for å følgje med om det er aktuelle saker i dei andre politiske utvala som kontrollutvalet bør følgje opp.</li> <li>Rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging (ligg i kvartalsrapportringa)</li> <li>Sjukefråver (ligg i kvartalsrapporteringa)</li> <li>Meldingar til politiet og varslingar – Administrasjon og revisor pliktar å underrette kontrollutvalet straks ein vert kjent med mislegheiter.</li> </ul>
Aktuell informasjon/orienteringar	I den grad tema/områder ikkje blir undersøkt gjennom bestilling av forvaltningsrevisjon, eller andre undersøkingar frå revisjonen, kan det vere aktuelt å be om tilbakemeldingar frå administrasjonen på ulike områder, bl.a. ut risiko- og vesentlegvurderinga for verksemda. Slik informasjon blir spesifisert under kvart enkelt møte. Saker til oppfølging vil også gå fram av oppfølgingslista til kontrollutvalet
19.02.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeidsplan 2020 – Kontrollutvalet i Vestnes</li> <li>Status innkjøp og offentlege anskaffingar</li> <li>Status og presentasjon av internkontrollsystemet</li> <li>Gratis skuleprinsippet i Vestnes kommune</li> </ul>
23.03.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skatteoppkjevaren sin årsrapport for 2019 og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering</li> </ul>
04.05.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Driftsrapport 1. kvartal</li> </ul>
31.08.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Orientering om implementering av personvernregelverk</li> <li>Driftsrapport 2. kvartal</li> </ul>
19.10.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Verksemdsbesøk</li> </ul>
23.11.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Driftsrapport 3. kvartal</li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med regnskapsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til rekneskapsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er i hovudsak knytt til reglane Komml. § 23-2 og kap.24 samt forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.
19.02.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Interimsrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2019</li> </ul>
23.03.20	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
04.05.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapsrapport for 2019, Vestnes kommune</li> <li>Årsavslutningsbrev for revisjonsåret 2019.</li> </ul>
31.08.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Revisjonsplan revisjonsåret 2020</li> <li>Revisjonen sin uttale om kontroll med etterleving av økonomiforvaltninga</li> </ul>
19.10.20	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>
23.11.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Interimsrapport rekneskapsrevisjon, rekneskapsåret 2020</li> </ul>

## Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon.

Møte	Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for forvaltningsrevisjon og reglane i komml. §23-3 og kap 24 samt forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.
19.02.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Administrasjonssjefen sin plan for oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenester i Vestnes kommune»</li> <li>Dialogmøte 1 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering</li> </ul>
23.03.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dialogmøte 2 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering</li> </ul>

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til forvaltningsrevisjon</b>
04.05.20	•
31.08.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plan for forvaltningsrevisjon</li> <li>• Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenester i Vestnes kommune»</li> </ul>
19.10.20	•
23.11.20	• Bestilling av forvaltningsrevisjon?

### **Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med eigarskapskontroll**

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til eigarskapskontroll</b>
	Utgangspunktet for oppgåvene er plan for eigarskapskontroll, kommunelova §§ 23-4 og 23-6, samt forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.
19.02.20	• Dialogmøte 1 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering
23.03.20	• Dialogmøte 2 med revisor om arbeid med risiko og vesentlegvurdering
04.05.20	•
31.08.20	• Plan for eigarskapskontroll
19.10.20	•
23.11.20	• Bestilling av eigarskapskontroll?

### **Tilsyn med revisjonen**

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til tilsyn med revisjonen</b>
	Revisjonen rapporterer om si verksemd ved behov. Revisjonsplan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for kontrollutvalet. Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 23-2 og Kap 24, forskrift om kontrollutvalg og revisjon kap. 2 og 3, samt oppdragsavtale med revisjonen.
19.02.20	• .
04.05.20	• Oppdragsavtale med Møre og Romsal Revisjon SA
31.08.20	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon, jf. FKT sin rettleiar. Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for forvaltningsrevisjon f, jf. NKRF sin rettleiar</li> <li>• Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2020.</li> <li>• Openheitsrapport frå revisjonen</li> <li>• Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2020)</li> </ul>
19.10.20	•
23.11.20	•

### **Budsjettbehandlinga**

<b>Møte</b>	<b>Oppgaver knytt til budsjettbehandlinga</b>
	Utgangspunktet for oppgåvene er reglane i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.
19.02.20	•
04.05.20	•
31.08.20	•
19.10.20	• Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestnes kommune for 2021
23.11.20	•

---

## Kontrollutvalet si rapportering

Møte	Oppgaver knytt til Kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret
	Utgangspunktet for oppgåvene er bl.a. relatert til reglane i koml. § 23-5 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5. Forvaltningsrevisjonsrapportar og eigarskapskontrollar vert rapportert straks. Det vert utarbeidd årsrapportar kvat år forutan første år etter nytt val, då denne er erstatta av kontrollutvalet sin verksemdsrapport som vart lagt fram av avtroppande kontrollutval.
19.02.20	• Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023
04.05.20	•
31.08.20	•
19.10.20	•
23.11.20	•